

ABO PLAN & ARKITEKTUR AS
Postboks 291
5203 OS

Dato	22.04.2024
Vår referanse	2024/14999-7
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Ingunn Bårtvedt Skjerdal
E-post	Ingunn.Bartvedt.Skjerdal@vlfk.no
Telefon	45723354

Innspel til oppstart av detaljregulering - offentlig ettersyn av planprogram - - Røysaneset industribase - gnr. 202 bnr. 140 mfl - planid 20230002 - Høylandsbygd - Kvinnherad kommune

Vi viser til brev datert 05.03.24 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Røysaneset industribase og høyring av planprogram. Hovudfremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for næring i form av maritim industri. Fremålet er i delvis i samsvar med kommuneplan der området er sett av til næringsfremål, hamn, LNF, LNF spreidd og bruk og vern av sjø og vassdrag samt ferdsel. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing, og planprogrammet er på høyring.

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga/planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Vurdering og innspel

Forankring regional plan

I følge plan og bygningsloven §8-2 skal regional plan (...) *legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen.* I planprogrammet er det ei oppstilling av regionale planar, den innheld fleire planar som er erstatta av nye planar, vi ber om at lista vert oppdatert. [Dei regionale planane er samla på heimesidene våre.](#) Av regionale planar, er følgande særleg viktige for denne planen:

- Regional plan for klima 2022-2035
- Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Dei regionale planane har mål og retningslinjer som skal leggest til grunn for planarbeidet. Vi ber om desse planane vert teke med som ein del av kunnskapsgrunnlaget og at det vert synleggjort i planomtalen korleis dei regionale føringane verkar inn på planen.

Planfaglege merknadar

Konsekvensutgreiing

Det er utarbeidd planprogram som er på høyring. Av planprogrammet går det fram at tiltaka skal vurderast opp mot nullalternativet. Hovudmålsettinga for planarbeidet er å legge til rette for vidare utvikling av eksisterande maritimt industriområde. Utstrekning av næringsfremålet, hamn, storleik på utfylling i sjø, løysing for kommunal veg/fortau og kryssløysing til fylkesvegen er faktorar som skal vurderast. Ut frå kjent kunnskap og usikkerheit ser ein det som naturleg at alternative utbyggingsalternativ/utforming av planområdet er:

- a) Utvikling av næringsområde i tråd med reguleringsplan og KPA, utan omdisponering av friluftsområde søraust for dagens næringsområde
- b) Utvikling av næringsområde i tråd med reguleringsplan og KPA på høyring, inkl. omdisponering av friluftsområde søraust for dagens næringsområde

Føremålet med konsekvensutgreiinga er å klargjere verknadene av planar og tiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Fylkeskommunen finn at forslag til tema som blir handsama i konsekvensutgreiinga dekker i hovudsak dei tema som er naturleg å gjere greie for. Vi vil også minne om at for tema det ikkje vert utarbeidd KU for, skal verknadane av planen gå fram av planomtalen.

Medverknad

Etter plan- og bygningslova § 5-1 skal alle som fremjar planforslag legge til rette for medverknad. Dei gruppene som ikkje er i stand til å delta direkte skal sikrast gode moglegheiter for medverknad på anna måte. Dette planframlegget legg til rette for utviding av industriaktivitet nær der folk bur og det er særleg viktig at det vert lagt til rette for brei medverknad i planprosessen. I det vidare planarbeidet er det viktig at forslagsstillar synleggjer korleis innspel som har kome fram gjennom medverknadsprosessen er vurdert og tatt stilling til.

Klima, miljø og jordvern

I nasjonal og regional politikk er det eit auka fokus på klima- og naturkrise. Nedbygging av natur reduserer økosystemtenestene, som elles bidreg med t.d. CO²-lagring, vern mot klimaendring og -risiko, og naturmangfald. Jf pbl § 3-1 bokstav g) *skal planar etter pbl ta klimaomsyn, gjennom reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til forventta klimaendringar, gjennom løysingar for energiforsyning, areal og transport.*


[Regional plan for klima](#) har mål om å redusere klimagassutslepp, skape eit trygt og robust fylke, sikre naturmangfald som er viktig for å redusere klimarisiko og vere ein pådrivar for rettferdig klimaomstilling. Planen inneheld [retningslinjer for planlegging](#) som skal leggast til grunn for planlegging i kommunane.

Klimaendringar vil føre til ei auke i nedbør og overvann mange stadar, samtidig som at utbygging ofte fører til fleire tette og harde flater. [Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#) slår difor fast at «*Bevaring, restaurering eller etablering av naturbaserte løysningar (slik som eksisterende våtmarker og naturlige bekker eller nye grønne tak og vegger, kunstige bekker og basseng mv.) bør vurderes. Dersom andre løysningar velges, skal det begrunnes hvorfor naturbaserte løysningar er valgt bort.*». Naturbaserte løysingar for overvasshandsaming med opne vassvegar, kan bidra til å skape eit balansert forhold mellom tilpassing, natur og landskap. Dei kan vere med å skape gode nærmiljø og vere eit middel for å få naturen tettare på, samtidig som det biologiske mangfaldet blir teken i vare i utbygde og fortetta område.

Friluftsliv og strandsone

Kvinnherad kommune har gjennomført kartlegging og verdsetting av sine friluftslivsområder. Innanfor planområde ligg eitt område som registrert som viktig friluftslivsområde, *Slettaneset*, strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag.

Det ligg og eit statleg sikra friluftsområde rett på utsida av planområdet; *Slettaneset-Høylandsbygd*, ei sandstrand tilrettelagt med toalett, dusj, sittegrupper og parkering. Området er tilgjengeleg for rullestolbrukarar. Utgangspunktet for forvaltning av statleg sikra friluftslivsområde er at dei er sikra for den allmenne friluftslivsutøvinga. Dei skal forvaltast slik at dei blir varetekne til dette formålet, og dei skal vera tilgjengelege og attraktive å bruka. Fylkeskommunen opptrer her som grunneigar og rettshavar på vegner av staten innanfor sitt fylke, og ønskjer å bli holdt orientert om vidare arbeid som kan få konsekvensar for dette området.



I tillegg er området kring Hillestadholmen nordaust for planområdet og Langeset vest for planområdet registrert. Begge desse er knytt til strandsona og sjøområde. Delar av planområdet i sjø ligg også innanfor regionalt viktig friluftsområde Halsnøy som er registrert som svært viktig.

Av planprogrammet går det fram at friluftsliv og strandsoner er eit sentralt fagtema i planarbeidet og at det skal vere tema i konsekvensutgreiinga. I tabellen som viser til eksisterande kunnskapsgrunnlag viser vi til regional kystsonplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Der ligg det eit omfattande [kunnskapsgrunnlag i kart](#) som kan vere nyttig i dette planarbeidet.

Når kommunen vil legge til rette for utbygging i dette området, som også omfattar strandsona, må de vere merksam på at det innanfor 100-metersbeltet skal takast særskilt omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Dette er uavhengig av om arealet er avsett til føremåla i KPA. Tiltaket må ikkje føre til privatisering av strandsona i området. Målet er at både fjorden og strandsona skal opplevast som tilgjengeleg og attraktiv for befolkninga, og skal gje moglegheit for varierte aktivitetar. Vi ber kommunen vere merksam på at tilgangen til strandsona også gjeld frå sjøsida.

[Den regionale kystsonplanen](#) har mål om at strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Nye tiltak bør trekkast så langt unna sjøen som mogleg, og lenger vekk enn eksisterande bygningar, jf. generelle føringar for nye tiltak i strandsona i regional kystsonplan.

Vi vil òg minne om at reguleringsplanen må vise byggjegrans mot sjø dersom planen opnar for gjennomføring av byggetiltak jf. plan og bygningslova § 1-8. Det er anbefalt å forankre byggjegrans i plankartet. Føresegnene bør brukast til å definere kva byggjegrans er og for kva tiltak den gjeld. Om naudsynt er det mogleg å ta i bruk retningslinjer for ytterlegare skildring, jf. råd og rettleiing i strandsoneretleiar for Vestland fylke. Byggjegrans mot sjø bør trekkast så langt vekk frå sjølinja som mogeleg, og byggjegrans for eksisterande tiltak bør ligge tett kring det fysiske tiltaket, og ikkje

i føremålsgrense eller tomtegrenser. Vi ber om at planframlegget vil avgrense vidare utbygging i strandsona.

Landskap og estetikk

Det er gjennomført kartlegging og verdivurdering av landskapet i Hordaland. Dette området ligg i landskapstypen middels breie fjordløp og er vanleg førekommande.

All utbygging har verknad på landskapet, og bør såleis vere tilpassa landskapet. Det bør takast omsyn til landskapskarakter og kva type inngrep landskapet er sårbart for. Planlegginga må difor sikre at byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadane. Det vil vere positivt å vise realistiske illustrasjonar i høve til perspektiv og skala. Visuelle illustrasjonar bør visast frå perspektiv der menneske ferdast.

Vi ber om at det vert teke omsyn til landskap og terreng i det vidare planarbeidet. Vurdering av nær- og fjernverknad er viktige tema i det vidare planarbeidet

Næringsutvikling

I den regionale kystsoneplanen som Sunnhordland og ytre Hardanger er Halsnøy Dokk registrert som ei regionalt viktig næringsområde ved sjø, som kai med anløp av internasjonal trafikk. I hovudmål for den regionale kystsoneplanen går det fram «...Det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringar i området kan utvikla seg vidare til å vere lønsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv innanfor rammene av ei berekraftig utvikling...». Vi viser elles til [retninglinene til den regionale kystsoneplanen](#).

Samferdsel

Vi registrerer at vegtrafikk blir eit tema i konsekvensutgreiinga: *Vegtrafikk (verknad av trafikk på land, trafikktryggleik, kapasitet og trafikkmengd)*. Me er oppteken av at konsekvensutgreiinga også tek med fv. 5048. Framkome, berevne og trafikktryggleik er vesentlege tema på heile vegstrekninga. Det må forventast at det i den seinare planprosessen blir stilt rekkefylgjekrav om utbetringar av fylkesvegen, og vegkryss mellom fv. 5048 og Slettanesvegen.

Elles ynskjer me å peika på utfordringane som er for trafikktryggleiken inne i planområdet. Det er svært uheldig at næringstrafikken vert ført gjennom eit bustadområde. Her tilrår me at framkome og trafikktryggleik for mjuke trafikantar vert grundig utgreia, og at planen legg opp til gode tiltak.

Kulturminne og kulturmiljø

Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vestland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltaket er i konflikt med nasjonale og vesentlege regionale kulturminneinteresser kan Vestland fylkeskommune vurdere fremje motsegn til planforslaget.

Planprogram

Kulturminne og kulturmiljø er omtala under avsnitt 7.1.2 i forslag til planprogram. Verknader for kulturminne og kulturmiljø både på land og i sjø vil bli omtala. Vi kan nemne at gravfeltet på Slettaneset (Askeladden id. 72966) består ikkje berre «nokre» automatisk freda kulturminne, som det står i planprogrammet, men av minst 13 gravhaugar og det har vore fleire som no er borte. Dette er eit av få strandgravfelt som vi har att i Vestland fylke.

Areal på land

Arealet på land omfattar i hovudsak NV del av Røysaneset. Store delar av planområdet er i tråd med gjeldande kommuneplan. I forslag til ny KPA for Kvinnherad var det føreslege ei utviding av industriområdet mot søraust. Den hadde Vestland fylkeskommune særskilt merknad til grunna nærføring og skjemming av gravfeltet på Slettaneset (Askeladden id. 72966) og vi bad om at næringsarealet i søraustre del vart trekt attende som i gjeldande KPA frå 2018 (BN79) og at denne trekanten vart tilbakeført til LNF.

Det er som over nemnt kjend eit betydeleg tal automatisk freda kulturminne søraust for planområdet frå jernalder. Avstand frå planområdet til gravfeltet er om lag 150 meter og som planprogrammet nemner skal verknader for kulturminne skildrast.

Dei kjende kulturminna indikerer at det er potensiale for funn av ukjende automatisk freda kulturminne i delar av planområdet. Vi har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i sjølve planområdet, men ut frå potensial for nye funn i planområdet, må vi gjennomføre ei synfaring før vi kan gje fråsegn til planen. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

Ved synfaringa vil ein vurdere om tiltaket kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, og ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Synfaringa av planområdet vil bli gjort så raskt som råd.

Areal i sjø

Då planforslaget omfattar eit forholdsvis stort areal i sjø, er saka send over til Museum Vest v/Bergens Sjøfartsmuseum for vurdering. svar frå Bergen Sjøfartsmuseum følgjer vedlagt.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>

Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på å finne handlingsrommet for korleis området for marin næring kan utviklast. Korleis vil utviding av aktiviteten verke inn på omgjevnadane og vurdering av verknadar på influensområdet spesielt med tanke på bumiljø friluftsliv og strandsone. Vi viser elles til innspel til andre plantema ovanfor.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagansvarleg
NPI – Plan, klima og analyse

Ingunn Bårtvedt Skjerdal
seniorrådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 00129-2Vedr - Detaljregulering - Røysaneset industribase - gnr. 202 bnr. 140 mfl - planid 20230002 - Høylandsbygd - Kvinnherad kommune - Ber om innspel - forholdet til marine ku.pdf**

Kopi mottakarliste

Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL

Intern sakshandsamarliste

Guri Finne Sognnæs

INV - Vegforvaltning Vestland

Heidi Handeland

KFO - Arealplan

Oddveig Bredesen

KFO - Idrett og friluftsliv